



12. – 14. september på Stalheim i Voss

Skjervheimseminaret 2025

SANNING UNDER PRESS

Kva tyder sanning i 2025? Finst det ein standard, eit sett kriterium, som alle er samde om? Eller har sanning gått frå å vera noko objektivt til noko subjektivt, der ulike grupper held seg med sine sanningar? Om sanning som noko einskapleg og bindande for alle ikkje lenger finst, er dette positivt eller negativt, frigjerande eller bekymringsfullt?

FREDAG 12. SEPTEMBER

Kl. 19.00 – 20.30

Andreas Holmedahl Hvidsten:

Hans Skjervheim om sanning

Arne Johan Vetlesen:

Kva er sanning? Historiske linjer i filosofisk perspektiv

LAURDAG 13. SEPTEMBER

Kl. 09.00 – 12.00

Julie Wilhelmsen:

Nye sanningar i internasjonal politikk?

Espen Barth Eide:

Dilemma kring sanning i utanrikspolitikk og diplomati

Kl. 15.00 – 18.00

Utdeling av Skjervheimprisen

Eirik Høyer Leivestad:

Styrt av kjensler

Lena Lindgren i samtale med **Gro Holm:**

Verdsbilete

Konsert med trioen **Henderson, Fliflet & Burgess**

SØNDAG 14. SEPTEMBER

Kl. 09.00 – 12.00

«Strandasongen» ved **Ellen Marie Selland Geithung**

Anja Bakken Riise:

Om å utfordra etablerte sanningar

Jan Grue:

Sanning, makt, vald

OM FØREDRAGSHALDARANE



Andreas Holmedahl Hvidsten er statsvitar og førsteamanuensis ved MF vitenskapelige høyskole, og er forfattar av mellom anna *Politiske ideer* (2022), som er ei historisk innføring i norsk og vestleg politisk tenking frå eineveldet til i dag. I føredraget sitt går Hvidsten inn på Hans Skjervheim sine arbeid, mellom anna uroa hans for at sanninga var under press i den norske offentlegheita. Hvidsten sitt føredrag tar for seg den avgjerande rolla sanninga har i Hans Skjervheim sin filosofi, og korleis kritikken hans av relativisme og nihilisme også er aktuell i våre dagar.



Arne Johan Vetlesen er professor i filosofi ved Universitetet i Oslo. Han arbeider særleg med etikk, politisk teori og miljøfilosofi og har gitt ut 30 bøker, ved sida av å vera spaltist i Klassekampen og ein aktiv samfunnsdebattant. I føredraget vil han snakka om korleis synet på sanning har endra seg i filosofifaget spesielt og i academia generelt frå 1980-åra til i dag.




Julie Wilhelmsen er Forskar 1 og leiar for Forskingsgruppa for Russland, Asia og internasjonal handel ved Norsk Utanrikspolitisk Institutt (NUPI). Ho er ein av Noregs mest kjende Russland-ekspertar og fekk i 2023 Fritt Ords pris for «nyanserande fagleg kunnskap i eit heitt offentlig ordskifte, før og etter Russlands fullskalainvasjon av Ukraina». Wilhelmsen sitt føredrag handlar om den nye geopolitiske situasjonen, med vekt på forholdet mellom Russland og Vesten: Kva gamle sanningar om internasjonal politikk er gått i oppløysing, og kva nye er komne til?



Espen Barth Eide er utanriksminister og er utdanna statsvitar frå Universitetet i Oslo. Han har mellom anna arbeidd som forskar ved NUPI før han vart politiskar på heiltid. Han har representert Arbeidarpartiet i mange ulike regjeringar, og har hatt posten som forsvarsminister, klima- og miljøminister og utanriksminister. I føredraget sitt skal han snakka om dilemma kring utanrikspolitikk og diplomati.




Eirik Høyer Leivestad er forfattar, omsetjar og forlagsredaktør. Han har gitt ut bøkene *Frykt og avsky i demokratiet* (2020) og *Krystallpalasset: Historien om en beboelig metafor* (2024). Han har også skrive ei rekkje tekstar om demokratiets krise, populisme og autoritær politikk, mellom anna i Morgenbladet, Klassekampen og Agora. Han skal snakka om kva rolle mobilisering av bestemte kjensler spelar i samband med oppsvinget for høgrepopulismen i vår tid, og om korleis kjensler vinn framfor fakta og argumentasjon.



Gro Holm er utanrikskommentator i NRK, der ho har hatt ulike stillingar i over 40 år. Frå 2005 til 2008 var Holm direktør for NRK sin Nyhets- og distriktsdivisjon (NYDI). Ho har vore NRK sin korrespondent i både USA og Russland, og var i Ukraina då Russland invaderte landet i 2022. Holm jobba som Moskva-korrespondent fram til i fjor, og for tida skriv ho bok om Russland. I samtale med **Lena Lindgren** vil Holm reflektera rundt russiske syn på verda, den spente geopolitiske situasjonen og kampen om kva som er sant. Lindgren er kommentator i Morgenbladet og forfattar av den prislønte boka *Ekko. Et essay om algoritmer og begjær* (2021).



Anja Bakken Riise har vore leiar for Framtiden i våre hender i åtte år, og har tidlegare arbeidd som byrådssekretær for miljøbyrådet i Oslo. Ho er også forfattar av boka *Mitt klimaregnskap – et forsøk på å leve bærekraftig og løsningene vi trenger* (2021). Som miljøaktivist er Riise brennande oppteken av å skapa større medvit om kva som er mogeleg å gjera for å oppnå meir rettferdige og berekraftige samfunn. I føredraget vil ho trekkja fram erfaringar med å utfordra vedtekne sanningar.



Jan Grue er skjønnlitterær forfattar, og har doktorgrad i språkvitskap. Han er professor ved Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi ved Universitetet i Oslo og er i 2025 gjesteforskar ved Berkeley Universitet i California. Grue har skrive ei rekke kritikarroste bøker og har motteke fleire prisar, mellom anna Fritt Ords pris og Kritikerprisen. I føredraget sitt vil Grue snakka om den sårbare veven av fakta rundt kvardagslivet vårt, og om forholdet mellom kvardagsliv og politisert språk.

OM MUSIKARANE



Trioen Henderson, Fliflet & Burgess:

Salt nordsjømusikk frå Shetland, Skottland, England og Vestlandet. Henderson, Fliflet & Burgess spelar raske rilar, så harpiksen fyk og golvet gyngar. Dei syng om kvalfangst, venskap og vågemot på engelsk, skotsk og norsk. Det er mykje salt og sjø i lufta. Her trivst både vemod og gapskratt! Det duvar, det svingar. Det er lett og tett, rått og godt. Trioen er sett saman av Kevin Henderson (fele, song), Gabriel Fliflet (trekkspel, piano, song) og Richard Burgess (concertina, gitar, song). Musikken krinsar rundt Nordsjøen og bind saman Shetland, Skottland, England og Kyst-Noreg; område som har vore i tett kontakt i fleire hundre år.

Kevin Henderson er ein av Storbritannia sine beste felespelarar. Han er frå Shetland, den forblåste øygruppa nord for Skottland, der musikklivet boblar og den tradisjonelle felemusikken står sterkt. Med base i Kragerø turnerer han verda rundt, mellom anna som medlem av Fiddlers' Bid, Nordic Fiddler's Bloc og den legendariske irsk-skotske gruppa Boys of The Lough.

Gabriel Fliflet er ein nysgjerrig musikkar som mange kjenner frå samarbeidet med trommeslagar Ole Hamre i duoen Fliflet/Hamre, frå kvartetten Gabriels Novgorod eller frå eitt av mange tingsverk, som «Åresong» (med dikt av Jon Fosse) og «Rose» (Robert Burns på norsk). Fliflet har trekkspel som hovudinstrument, han syng og spelar piano, og han har samarbeidd med mange av dei fremste folkemusikarane våre.

Richard Burgess er engelskmannen som kom til Noreg i 1976 med ein ryggsekk og ein gitar, og som er her enno. Sidan har Burgess markert seg som ein særprega visesongar og folkemusikar, med ei malmfull røyst som han akkompagnerer med gitar og concertina. Han opptreir både solo og i grupper som Doggerland, FatDog og Foghorn. Burgess er òg skribent, lærebokforfattar og ein mykje brukt kåsør.



Ellen Marie Selland Geithung er kvedar frå Vossestrand. Ho er utdanna instrumentalpedagog med akkordeon som hovudinstrument frå Noregs musikkhøgskule. Ho er organist i Oppheim og Vinje kyrkjer. Dessutan underviser ho i kveding, akkordeon og piano på Voss kulturskule. Det er fast tradisjon på Skjervheimseminaret at Ellen Marie syng «Strandasongen» sundag morgon.